

**Høyringsdokument:**

Vedlegg til  
Rusmiddelpolitiskhandlingsplan i Fitjar kommune for perioden  
2012 - 2016.

VEDTEKTER FOR  
REGULERING AV  
ALKOHOLOMSETNADEN  
I FITJAR KOMMUNE

Løyveperioden 01.07.2012 – 30.06.2016



Vedteke av Utval for Oppvekst og omsorg den 27.03.12  
Vedteke av Fitjar kommunestyre den

KAP. 1	ALKOHOLOMSETNADEN I FITJAR KOMMUNE –MÅL OG DELMÅL..	3
KAP. 2	SALS- OG SKJENKEAVGIFTER .....	4
2.1	Definisjonar .....	4
2.2	Kommunen sin bruk av sals- og skjenkeavgifter .....	4
2.3	Avgift for ambulerande løyve og løyve ved opne arrangement i einskilde høve .....	4
2.4	Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (faste løyve)....	4
KAP. 3	DELEGASJON AV MYNDE OG SAKSHANDSAMING .....	5
3.1	Delegasjon.....	5
3.2	Søknadsfristar og sakshandsamingstid.....	6
KAP. 4	SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE GRUPPE 1, .....	6
	drikke som inneheld mellom 2,5 og 4,7 volumprosent alkohol. ...	6
4.1	Krav til løyvehavar / salsstyrar / reservesalsstyrar .....	6
4.2	Presisering av omgrepet alkoholhaldig drikke gruppe 1. ....	6
4.3	Tildeling av løyve.....	6
4.4	Salstider .....	7
4.5	Vilkår knytt til salsløyvet.....	7
KAP. 5	SKJENKING AV ALKOHOL.....	8
5.1	Krav til løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar.....	8
5.2	Krav til skjenkelokale (faste løyve) .....	8
5.3	Særlege krav vedk. skjenking av brennevin (faste løyve) .....	9
5.4	Ambulerande løyve til slutta lag .....	9
5.5	Løyve til skjenking ved opne arrangement i einskilde høve.....	9
5.6	Løyve for kortare tidsperiodar .....	10
5.7	Krav vedkomande ordensmessig og sosial kontroll .....	10
5.8	Skjenketider: .....	11
5.9	Utandørs skjenking:.....	12
5.10	Skjenking i kommunale lokale/lokale som kommunen har eigarrett i: .....	12
5.11	Lokale for ambulerande løyve.....	13
5.12	Skjenkeløyve i fartøy .....	13
5.13	Særlege vilkår vedk. skjenkeløyve ved hotel i Fitjar kommune.....	13
KAP. 6	KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADER.....	14
6.1	Kontrollar. ....	14
6.2	Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga .....	15
KAP. 7	GEOGRAFISK PLASSERING AV SKJENKESTADER I KOMMUNEN..	15
KAP. 8	KLAGEHANDSAMING, OVERPRØVING OG ENDRING I VEDTEKTENE .....	16
8.1	Klagehandsaming.....	16
8.2	Overprøving .....	16
8.3	Endring i vedtektene .....	16
KAP. 9	KRAV TIL SØKNADER.....	16

## **KAP. 1 ALKOHOLOMSETNADEN I FITJAR KOMMUNE – MÅL OG DELMÅL**

I følgje alkohollova § 1-7d skal kommunen utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. Alkohollova skal vera eit sentralt verkemiddel i alkoholpolitikken, og den kommunale ruspolitiske planen bør innehalda dei alkoholpolitiske hovudmåla og delmåla som kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk. Like eins bør den seia litt om kva for verkemiddel kommunen vil ta i bruk for å nå måla.

### **HOVUDMÅL:**

Målet med desse vedtektene er å regulera alkoholomsetnaden i Fitjar slik at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former – slik statlege og kommunale organ føreset – og slik at

- dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholforbruk kan føra til, vert avgrensa i størst mogeleg grad -
- omsetnaden blir utøvd i samsvar med alkohollova, med tilhøyrande forskrift og andre relevante lover, føresegner og retningsliner fastsett av Fitjar kommunestyre til ei kvar tid
- mest mogeleg av vedtaksprosessen kan delegerast til underordna politiske organ eller til rådmannen.

### **DELMÅL:**

- Det er Fitjar kommune si generelle haldning at det skal vera ei kurant sak å få innvilga sals- og skjenkeløyve dersom søkjaren fyller dei vilkåra som alkohollova og anna relevant lovgjeving set. Like eins må vilkåra som går fram av kommunen sine vedtekter for alkoholomsetnaden og andre lover og forskrifter, vera oppfylt.
- Fitjar kommune legg opp til jamnleg kontakt med utsals- og restaurantnæringa sine representantar i eigne kontaktforum, eventuelt også i fellesskap med Lensmannen i Fitjar. Hensikta vil her vera å skapa ein god dialog med næringa og samarbeid i tråd med alkohollova sitt føremål, jfr. § 1-1 og i samsvar med Fitjar kommune sine målsetjingar vedkomande brukarmedverknad.
- Fitjar kommune legg opp til å kunna rettleia og formidla kunnskap om alkohollova overfor sals- og skjenkestadene i kommunen.
- Fitjar kommune legg ikkje opp til eit "tak" (øvre grense) når det gjeld talet på salsløyve for øl eller skjenkeløyve for øl, vin eller brennevin.
- Fitjar kommune legg opp til regelmessig kontroll med sals- og skjenkestadene – også med stader som har fått ambulerande løyve og løyve for einskilde høve.
- Sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollova, anna relevant lovgjeving og kommunale vedtekter for alkoholomsetnaden, må rekna med at inndraging av sals- og skjenkeløyve kan bli aktuelt, jfr. kap. 10.

## KAP. 2 SALS- OG SKJENKEAVGIFTER

### 2.1 Definisjonar

Endringar i Alkohollova gjeldande frå 01.01.11

Det vart no innført endringar i bevillingssystemet for sal og skjenking av alkoholhaldig drikke.

Omgrepa øl, vin og brennevin er endra til ei gruppeinndeling som baserer seg på alkoholinnhald målt i volumprosent. Endringane er i hovudtrekk slik:

Alkoholhaldig drikke med same alkoholstyrke vert likebehandla, og følgjande definisjonar vert lagt til grunn i alkoholforskrifta § 1-1.

- Alkoholfri drikke, drikke under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikke som inneheld mellom 0,7 volumprosent og 2, 5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikke gruppe 1, som inneheld over 2,5 volumprosent og mindre enn 4,7 volumprosent alkohol.(øl/rusbrus)
- Alkoholhaldig drikke gruppe 2, som inneheld over 4,7 volumprosent og mindre enn 22 volumprosent alkohol.(vin)
- Alkoholhaldig drikke gruppe 3, som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol(brennevin).

Inndelinga ovafor vert også gjennomført for aldersgrensene, slik at sal og skjenking av alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er 18 år, og 20 år for gruppe 3.

Definisjonen av brennevin vert oppretthalden då det knyter seg ein del særreglar til denne.

Det er også bestemt i lovendringa at volumprosent skal gjevast opp med ein desimal.

### 2.2 Kommunen sin bruk av sals- og skjenkeavgifter

Sals- og skjenkeavgiftene skal nyttast til:

- å vera med å dekkja opp kommunen sine utgifter ved ei tilfredsstillande kontrollordning,
- å gi opplæring/oppdatering av administrativt personale
- rusførebyggjande tiltak mellom barn og unge.

### 2.3 Avgift for ambulerande løyve og løyve ved opne arrangement i einskilde høve

- a. Ambulerande løyve: kr. 250,-.
- b. Opne arrangement i einskilde høve: kr. 250,-.

### 2.4 Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (faste løyve)

Reglar om **bevillingsgebyr** er fastsett i forskrift av 08.06.2005 frå Sosialdepartementet, jfr. alkohollova § 6. Gebyret blir fastsett for eitt år om gongen for kvart einskild løyve på grunnlag av forventa omsett mengd alkoholhaldig drikke. Løyvehavar skal innbetala **forskotsgebyr** på grunnlag av dette forventa gebyret.

Pr. 01.07.2005 gjeld følgjande satsar – fastsett av Sosial- og helsedepartementet:

Sal av alkoholhalding drikke gruppe 1: kr. 0,17 pr. liter  
Skjenking: kr. 0,34 pr. vareliter alkoholhaldig drikke gruppe 1  
kr. 0,94 pr. vareliter alkoholhalding drikke gruppe 2  
kr. 3,07 pr. vareliter alkoholhaldig drikke gruppe 3. (brennevin)

Minimumsgebyret er kr. 1.200,- for sal og kr. 3.500 for skjenking.

I løpet av 1. halvår skal den einskilde løyvehavaren innbetala eit a-kontobeløp tilsvarande om lag forventa gebyr for komande år.

**Innan 1. mars** kvart år skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikke. Dersom det ligg føre avvik på meir enn 10 % mellom tidlegare oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsetnad, skal kommunen foreta etterutrekning og etteroppgjjer.

Ved brot på reglane framføre; anten gjennom manglande oppgåverapportering eller ved manglande innbetaling av bevillingsgebyret til rett tid; kan kommunen trekkja løyvet attende for kortare eller lengre tid.

## **KAP. 3 DELEGASJON AV MYNDE OG SAKSHANDSAMING**

Det lokale ansvaret for forvaltninga av alkohollova ligg til kommunestyret dersom ikkje anna er fastsett i desse vedtektene eller i andre kommunale retningslinjer eller reglar, jfr. alkohollova § 1-7. Følgjande er delegert:

### **3.1 Delegasjon**

- **Formannskapet**

Formannskapet har **mynde til å treffa vedtak i alle enkeltsaker** innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i desse retningslinjene eller i andre kommunale reglar og retningslinjer som er relevante i denne samanhengen; samt spesielle prinsippvedtak fastsett av kommunestyret.

Vedtak skal sendast som melding til kommunestyret.

- **Rådmannen**

Rådmannen har **mynde til å treffa vedtak i ikkje-prinsipielle saker/enkeltsaker** innanfor dei rammene og reglane som er fastsett i desse retningslinjene eller i andre kommunale reglar og retningslinjer som er relevante i denne samanhengen.

Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag, jfr. alkohollova §§ 4-2 og 4-5.

Tildeling av løyve ved einskilde høve, jfr. alkohollova § 4-5.

Utviding av skjenkebevilling til ved enkelthøve å gjelda utanfor skjenkelokalet.

Godkjenning av personar ved skifte av styrrar/reservestyrrar.

Mellombels inndraging av løyve inntil politiske organ har fått høve til å handsama saka i samband med alvorleg brot på lov/regelverk etter desse retningslinjene, jfr. alkohollova § 1-8.

Avgjerd i følgjande saker vert delegert til Utval for oppvekst og -omsorg.

- Tvilstilfelle og saker av prinsipiell karakter innafor rådmannen sine fullmakts-område, der han finn det naturleg med politiske avklaringar.

### **3.2 Søknadsfristar og sakshandsamingstid**

Sakshandsaminga av søknader etter alkohollova vil nødvendigvis ta tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg før endeleg avgjerd kan takast. Administrasjonen skal så raskt som mogeleg starta sakshandsaminga og henta inn uttaler frå aktuelle høyringsinstansar.

Av den grunn blir det som hovudregel innført følgjande **søknadsfristar**:

- ved ambulerande løyve: seinast 1 veke før arrangementet skal finna stad
- ved opne arrangement: seinast 2 veker før arrangementet skal finna stad.

Søknader som kjem seinare enn desse fristane, kan ikkje rekna med avgjerd innan dato for planlagt arrangement.

**Sakshandsamingstida for faste løyve** vil normalt ta lenger tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg til søknaden. Kommunen legg opp til at det i alle høve ikkje skal gå meir enn 60 dagar frå søknaden er motteken til endeleg vedtak er gjort. Administrasjonen skal orientera søkjaren dersom det vil ta særleg lang tid før avgjerd i saka kan forventast, jfr. forvaltningslova § 11a, andre ledd.

### **Klagehandsaming.**

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak etter alkohollova § 1 – 16.

For den interne klagehandsaminga i kommunen gjeld følgjande:

Enkeltvedtak av rådmannen går til Formannskapet, og vedtak i Utval for oppvekst og omsorg/formannskapet går til Kommunestyret. Sluttar kommunestyret seg til formannskapet sitt vedtak går saka til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, dersom saka fell inn under alkohollova § 1 – 16.

## **KAP. 4 SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKKE GRUPPE 1, drikke som inneheld mellom 2,5 og 4,7 volumprosent alkohol.**

### **4.1 Krav til løyvehavar / salsstyrar / reservesalsstyrar**

Løyvehavar og salsstyrar / reservesalsstyrar må fylla vilkåra som går fram av alkohollova §§ 1-7 b og 1-7 c.

Dei pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova og i Fitjar kommune sine vedtekter for alkoholomsetnaden - eller gjennom særskilde vedtak.

Dei er samstundes ansvarlege for at tilsette som står føre sal av alkoholhaldig drikke i gruppe 1, får opplæring i og har kunnskap om regelverket som gjeld for dette til ei kvar tid.

### **4.2 Presisering av omgrepet alkoholhaldig drikke gruppe 1.**

Alkoholhaldig drikke gruppe 1, med alkoholinnhald 2,5 – 4,7 volumprosent, gjeld i praksis øl og rusbrus.

Det er ikkje høve til å selja øl/rusbrus med sterkare volumprosent enn 4,7 i Fitjar kommune.

### **4.3 Tildeling av løyve**

Vanlege daglegvareforretningar der styrar/dagleg leiar fyller vandelskrava i kap. 04, pkt. 1 og 2, kan få salsløyve for sal av alkoholhaldig drikke gruppe 1, med volumprosent Alkohol mellom 2,5 og 4,7 – pilsner og liknande.

Det er ein føresetnad at løyvehavaren/styrar/reservestyrar etablerer god intern kontroll.

Bensinstasjonar, kioskar/storkioskar og andre etablissement med stort og variert varespekter og med enklare servering, kan ikkje få løyve – jfr. § 3-8 i alkohollova.

#### 4.4 Salstider

Sal av alkoholhaldig drikke som inneheld mellom 2,5 og 4,7 volumprosent alkohol, skal følgja normalutsalstidene slik dei er fastsett i alkohollova § 3-7 – med følgjande unntak:

Alkohollova sine maksimaltider er mellom kl. 08.00 og 20.00, med endringar på dagar før søn- og heilagdagar, då salet skal opphøyra kl. 18.00

#### Salstida om morgonen kan ta til kl. 09.00.

Etter dette skal salstidene vera som følgjer:

- Mandag – fredag (heile året): kl. 09.00 - 20.00
- Laurdagar kl. 09.00 - 18.00
- Dagar før helgedagar \*): kl. 09.00 - 18.00
- Søndagar, helge- og høgtidsdagar: stengt

\*) = Gjeld ikkje onsdag før Kristi Himmelfartsdag, då øl/rusbrus salet kan vera ope til kl. 20.00.

#### 4.5 Vilkår knytt til salsløyvet

Følgjande vilkår er knytt til salsløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1. (med alkoholinnhald 2,5 – 4,7 volumprosent)

- Øl/rusbrus som er utlevert/avhenta like før salstida er slutt, kan betalast seinast 30 minuttar etter at øl og rusbrus salet er avslutta for dagen.
- Varene skal plasserast ein og same stad; dvs. ikkje på fleire stader kring i salslokalet. Alkoholfrie og alkoholsvake varer skal ikkje plasserast saman med alkoholhaldige varer.
- Varene skal vera fysisk tildekka, avsperra eller avlåst dersom salsstaden held ope utover dei vedtekne salstidene for alkoholhaldig drikke gruppe 1, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 4.
- Tildekking skal skje ved fastmontert gardin eller anna fastmontert materiale som tydeleg viser når varen ikkje er tilgjengeleg.
- I salslokalet skal det henga oppslag som gir tydeleg informasjon om
  - 1) salstidene for sal av alkoholhaldig drikke gr. 1, i Fitjar kommune
  - 2) aldersgrensa for sal eller utlevering av alkoholhaldig drikke gruppe 1
  - 3) forbod mot sal eller utlevering av øl/rusbrus til rusa personar - og
  - 4) kven som er styrar / reservestyrar for salsløyvet.

## KAP. 5 SKJENKING AV ALKOHOL

### 5.1 Krav til løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar

Løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar må fylla vilkåra i alkohollova §§ 1-7b og 1-7c.

Dei pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova og i Fitjar kommune sine vedtekter for alkoholomsetnaden - eller gjennom særskilde vedtak.

Dei er samstundes ansvarlege for at tilsette som står føre servering/skjenking, får opplæring i og har kunnskap om regelverket som gjeld for dette til ei kvar tid.

§ 4. i Alkohollova omhandlar skjenking av alkoholhaldig drikke, og er endra i høve til prinsippet om likebehandling av øl, vin og brennevin med same alkoholinnhald, og ein viser til drikke med volumprosent alkohol.

I § 4-1 vert det slått fast at det ikkje kan gjevast løyve til sal og skjenking i same lokale.

I § 4-4 må omgrepet "brennevin" forståast slik at det omfattar alkoholhaldig drikke i gruppe 3, det vil si drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol, jf. alkoholforskrifta § 1-1.

I samsvar med § 4-2 første ledd er det no 3 alternative måtar å regulera omfanget av skjenkebevillingane på.

- Bevillinga kan avgrensast til å gjelde alkoholhaldig drikke med max. 4,7 volumprosent alkohol
- Bevillinga kan omfatte all alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent. Det presiserast då at alkohol innhaldet relaterar seg til styrken på originalemballasjen, og ikkje utblanda drinkar basert på brennevin som er sterkare enn 22 volumprosent alkohol.
- Bevillinga kan gjelde all alkoholhaldig drikke, uavhengig av alkoholstyrke.

### 5.2 Krav til skjenkelokale (faste løyve)

Skjenkebevillinga gjeld for eit bestemt lokale og ei bestemt type verksemd, konsept.

Alle etablisement med skjenkeløyve, uansett løyveomfang, skal ha bygningsmessig god standard. Serveringsstader må ha eit tydeleg restaurantmessig preg m.o.t. innreiing og interiør.

Kantinar/kafeteriar på arbeidsplassar vil *ikkje* kunna få fast skjenkeløyve.

Kafear/kafeteriar i eller ved kjøpesenter vil heller ikkje kunna få slikt løyve.

Serveringsstader med skjenkeløyve må for øvrig ha god hygienisk standard og fylla dei krav som anna lovgjeving set, t.d. Arbeidsmiljølova, Brannvernlova, Plan- og bygningslova, Røykelova, Næringsmiddelova og "Generell forskrift for produksjon og frambyding m.v. av næringsmidlar".

I skjenkelokalet skal det til ei kvar tid henga oppslag som viser kven ved verksemda som er løyvehavar, skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar. Like eins skal det henga oppslag som viser kor mange gjestar skjenkestaden er godkjent for av brannstellet.



Alkoholfrie drikker skal vera godt synlege og tilgjengelege ved bardisk.

### **5.3 Særlege krav vedk. skjenking av brennevin (faste løyve)**

For å få løyve til skjenking av brennevin (alle rettar), må serveringsstaden vera ein "spiserestaurant". I dette ligg krav om *høgare standard m.o.t. innreiing og interiør*, og like eins krav om dagleg tilbod av varm mat og middag frå ei variert menyliste – produsert frå eige kjøken.

Det kan gjerast unntak frå kravet om variert menyliste og frå kravet om tydeleg restaurantmessig preg dersom dette er naturleg sett i forhold til skjenkestaden sitt særpreg av kulturell eller historisk karakter.

Serveringsstader som legg opp til levering av mat etter førehandstinging frå cateringverksemd eller utanforliggjande kjøken, vil i denne samanhengen ikkje bli definert som "spiserestaurant".

### **5.4 Ambulerande løyve til slutta lag**

Når tilhøva ligg til rette for det, kan bestemte personar få innvilga løyve til skjenking i *slutta lag* på ein stad som kan godkjennast ved eit einskild høve.

Løyve for skjenking av brennevin kan gis under føresetnad at staden har eller får løyve til skjenking av øl og vin.

Løyve til skjenking av brennevin kan like vel ikkje gis til arrangement om bord i fartøy som blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v., jfr. dette kap., pkt. 5.12.

Det er ein føresetnad at løyvehavaren er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkoholova og anna lovgjeving som har samanheng med alkoholova sine føremål.

Arrangøren må retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan.

Omgrepet *slutta lag* er omtalt nærmare i Sosialdepartementet sitt rundskriv I-6/98, jfr. merknadene til alkoholova § 4-5, sjå side 154/155.

Fitjar kommune legg i tillegg følgjande til grunn for si forståing av omgrepet:

- Private arrangement, t.d. famielag, vennelag, firmafestar, jubileum med avgrensa deltaking for personleg inviterte eller inviterte som tilsette i eit firma eller medlemmer i ein organisasjon – *og der arrangøren på førehand har oversikt over kva for namngitte personar som kjem til å delta.*
- Utanforståande, dvs. ikkje inviterte personar, har ikkje tilgjenge til arrangementet.
- Vanlege medlemsmøte i ein organisasjon, klubbar o.l. med avgrensa medlemskap blir ikkje definert som *slutta lag*.

### **5.5 Løyve til skjenking ved opne arrangement i einskilde høve**

Det kan gis løyve til skjenking med alle rettar ved einskilde høve til *opne arrangement*.

Løyve til skjenking av brennevin kan like vel ikkje gis til arrangement om bord i fartøy som blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v., jfr. dette kap., pkt. 5.12.

Med uttrykket "einskilde høve" blir det her meint *eingongsarrangement*, dvs. arrangement som ikkje blir skipa til regelmessig fleire gongar årleg.

Omgrepet *opne arrangement* blir i denne samanhengen definert som arrangement som er kunngjort opne for ein vidare krets av personar, t.d. personar i eit avgrensa bu-område, studentar ved ein undervisningsinstitusjon, medlemmer av ein organisasjon eller

evnt. for kven som helst – utan krav om at arrangøren har fullstendig oversikt over deltakarane.

Det er ein føresetnad at løyveharar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som Næringsmiddeltilsynet, Brann- og Bygningsstyresmaktene set. Like eins må arrangøren retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll. Huseigar/utleigar bør også få høve til å uttala seg.

Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar, og Brannstellet må ha uttalt seg spesielt om brannsikringstiltaka i lokalet.

## 5.6 Løyve for kortare tidsperiodar

I samband med spesielle arrangement som t.d. messer, revyar, festspel o.a. kan rådmannen gje alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gr. 1 og 2, for kortare tidsperiodar etter følgjande reglar:

a. **Serveringsstad som frå før har alminneleg skjenkeløyve**, kan få utvida område for skjenking innandørs og utandørs – for inntil 2 månader. Det er ein føresetnad at det ikkje ligg føre innvendingar frå andre offentlege organ som skal uttala seg om søknaden.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som Næringsmiddeltilsynet, Brann- og Bygningsstyresmaktene set. Like eins må løyveharar retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll. Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar.

b. **Serveringsstader som ikkje har skjenkeløyve**, kan like vel få løyve for ein kortare tidsperiode dersom løyveharar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Det er like eins eit vilkår at lokalet innfrir dei krav som Næringsmiddeltilsynet, Brann- og Bygningsstyresmaktene set. Like eins må løyveharar retta seg etter eventuelle pålegg frå Lensmannen og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll.

Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på forventa deltakarar, og Brannstellet må ha uttalt seg spesielt om brannsikringstiltaka i lokalet.

Slikt tidsavgrensa løyve kan berre gis for høgst 3 dagar.

## 5.7 Krav vedkomande ordensmessig og sosial kontroll

Etablissement som har løyve til skjenking av alkohol, skal til ei kvar tid ha god orden og god sosial kontroll – både i skjenkelokalet, ved inngangen til lokalet og like eins utanfor dette.

I dette ligg det krav om at talet på vakter og serverings/skjenkepersonale skal stå i forhold til talet på gjester. Ved *utandørs skjenking* gjeld særlege krav, jfr. dette kap., pkt. 5.9.

Etter § 1-1 skal sal og skjenking føregå på ein regulert måte, slik at skadeverknadene både individuelt og samfunnsmessig vert avgrensa, dels ved å avgrensa tilgjenge til alkohol, og dels ved å sikra at omsetnaden av alkohol er trygg.

Endringane i alkohollova presiserer i § 8 -11 dette: *" Det er forbode å selja eller skjenka alkoholhaldig drikke til personar som er openbart påverka av rusmidlar, eller skjenka alkoholhaldig drikke på ein slik måte at vedkomande må antas å verta påverka."*

Dette med rusmidlar er presisert til å gjelda alle legale og illegale rusmidlar.

Det vert vidare presisert at: *" Personer som er åpenbart påvirket av rusmidler må ikke gis adgang til skjenkestedet."*

*Dersom en person som er åpenbart påvirket av rusmidler befinner seg på skjenkestedet, har bevillingshaver plikt til å sørge for at vedkommende forlater stedet. Bevillingshaver har plikt til å sørge for at personer som trenger det, får nødvendig bistand."*

jfr. Rundskriv frå Sosial –og helsedirektoratet av 06/2005.

Her er hjelpeplikta presisert.

Skjenkestadene skal for øvrig sjå til at det ikkje oppstår ein "kultur" der knusing av flasker og glas blir ein vane eller tilnærma "akseptert". I så fall, skal skjenkestadene innføra tiltak for å hindra slik utvikling, t.d. ved å auka talet på vakter og serverings/skjenkepersonale, å auka talet på "avleveringsplassar" for flasker og brukte glas, å innføra pantordning for utleverte glas, å innføra bruk av plastglas, e.l. Når situasjonen krev det, t.d. i samband med spesielle arrangement, kan kommunale vedtaksorgan/administrasjonen og/eller Lensmannen krevja forsterka kontrolltiltak.

## **5.8 Skjenketider:**

Alkohollova si normalt tid for skjenking av alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 er mellom kl. 08.00 og kl. 01.00.

Skjenking av alkoholhaldig drikke skal følgja normalskjenketidene slik dei er fastsett i alkohollova – med følgjande unntak:

*Skjenketida for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2, blir avgrensa om morgonen slik at all skjenking først kan ta til kl. 12.00.*

Etter dette blir skjenketidene i Fitjar kommune slik:

- a. Skjenking av alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2, kan skje mellom kl. 12.00 og 01.00 - *innandørs* - alle godkjente dagar i året – med unntak av laurdag (dvs. natta frå fredag til laurdag) og søndag (dvs. natta frå laurdag til søndag) og på datoane 30. april, 16. mai og 31. desember då det kan skjenkast alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2, fram til kl. 02.00.

**Merknad:** *Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2, fram til kl. 01.00 gjeld like vel ikkje på langfredag - og ikkje 1. juledag sjølv om denne dagen fell på ein fredag eller laurdag.*

- b. Utandørs skjenking kan skje frå kl. 12.00 til kl. 23.00 på dei vilkåra som er nemnd i dette kapitlet sitt pkt. 5.9.
- c. Skjenking av brennevin kan skje alle godkjente dagar mellom kl 13:00 – 24:00 og mellom kl. 13.00 - 01.00 natt til laurdag og natt til søndag.  
*Skjenking av brennevin kan berre skje innandørs.*
- d. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.
- e. Overnattingsstader kan skjenka øl og vin til overnattingsgjestar utan omsyn til avgrensingane i dette kap. 05, pkt. 7 a og b, jfr. alkohollova § 4-4, siste ledd.

*Det er ein føresetnad at skjenking til overnattingsgjester skjer utanfor overnattingsstaden sitt ordinære skjenkeareal, t.d. på gjesteromma eller i resepsjonen.*

*Overnattingsstad blir i denne samanhengen definert som skjenkestad som driv med utleige av rom mot betaling. Dette gjeld like vel ikkje campinghyttar.*

- f. Skjenketidene om bord i fartøy som ikkje blir omfatta av statleg løyve, jfr. alkohollova § 5-2, 1. ledd nr. 3, er dei same som går fram av dette kap., pkt. 5.8a. Det blir *ikkje gitt løyve til skjenking av brennevin* om bord i fartøy som må ha kommunalt løyve.
- g. Der ikkje unnatak er konkret nemnt annan stad i desse vedtektene, vil det ikkje bli gitt løyve til utvida skjenketid utover det som er sagt i dette kapitlet punkta a, b og c.

### **5.9 Utandørs skjenking:**

Serveringsstader med fast skjenkeløyve og som etter vedtak også har løyve til utandørs skjenking, kan skjenka utandørs frå kl. 12.00 til kl. 23.00, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 8b.

Det blir stilt følgjande *krav til utandørs skjenking*:

- Utandørs skjenkeløyve kan berre gis til serveringsstader med alminneleg skjenkeløyve frå før.
- Skjenkeområdet skal vera tydeleg fysisk avgrensa og avskjerma slik at skjenkestaden har:
  - same inngangs- og alderskontroll og sosial kontroll som for innandørs etablisement.
- Skjenking utandørs skal skje på ein måte som ikkje er forstyrrende for naboskapet.
- Brann- og bygningsstyresmaktene skal ha godkjent området og sett ei øvre grense for tal sitjeplassar.

### **5.10 Skjenking i kommunale lokale/lokale kommunen har eigarrett i:**

#### **a. Generelt**

Det kan ikkje tildelast faste skjenkeløyve i bygg som Fitjar kommune eig, har eigarrett i eller administrerer. Det kan likevel gis løyve for ein einskild gong når lokala er eigna til føremålet.

#### **b. Alle rettar , Alkoholhaldig drikke gruppe 1 – 3 (øl, vin og brennevin)**

Arrangement som blir rekna som *slutta lag*, jfr. dette kap. pkt. 5.4., kan få løyve som omfattar alle rettar i kommunale lokale dersom arrangementet ikkje er av kommersiell art.

Det er ein føresetnad at den personen som er verts- og skjenkeansvarleg fyller krava for å få alminneleg skjenkeløyve, jfr. dette kapitlet sitt pkt. 5.1 (Krav til løyvehavar, styrar / reserveskjenkestyrar).

#### **c. Avgrensa retta, Alkoholhaldig drikke gruppe 1 – 2 (øl og vin)**

Når tilhøva ligg til rette for det, og den kommunalt ansvarlege for forvaltninga og drifta av bygget kan akseptera driftsopplegget og arrangøren, kan det gis løyve til skjenking av alkoholhaldig drikke gr. 1 og gr. 2, for ein einskild gong til opne arrangement. Rådmannen og/eller bygget sin forvaltnings- og driftsansvarlege kan fastsetja særlege krav m.o.t. gjestene si aldersgrense, utlysing, billettsal og kontrolltiltak ved slike arrangement.

#### **d. Løyve som kan gjevast etter dette kap. punkt 5.10**

- Dersom føresetnadene i punkta a og b ovanfor er til stades kan det gjevast løyve til skjenking i følgjande bygg/lokale til *slutta lag*:
    - Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
  - Dersom føresetnadene i punkta a og c ovanfor er til stades kan det gis løyve til skjenking i følgjande bygg/lokale for *ein einskild gong til opne arrangement*
    - Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
- e. For Fitjar Kultur –og Idrettsbygg AS gjeld følgjande særreglar:**
- Foreldre/føresette skal vera trygge på at det ikkje er arrangement med alkoholserving samstundes når dei sender barn/unge til aktivitetar ved Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS.
  - Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS kan berre nyttast til arrangement etter dette kapitlet sine pkt. 10, a, b og c når det ikkje er planlagt/går føre seg barne-, ungdoms og idrettsaktivitetar på området.
  - Når arrangement med alkoholserving skal finna stad, må området vera stengt for barne- ungdoms-, og idrettsaktivitetar i minst 2 timar før arrangementet tek til.
  - Området må vera rydda/stengt etter arrangement med alkoholserving i minst 2 timar før idrettsarrangement startar opp igjen.

### 5.11 Lokale for ambulerande løyve

Det skal berre gis ambulerande skjenkeløyve i lokale som er godkjent for dette.

Kommuneadministrasjonen skal til ei kvar tid ha oversikt over kva for lokale som bygnings- og brannstyresmaktene i kommunen har godkjent ut i frå Plan- og bygningslova / Brannvernlova til arrangement med ambulerande skjenkeløyve.

### 5.12 Skjenkeløyve i fartøy

Cruiseskip eller fartøy som er kollektive transportmiddel, må ha statleg skjenkeløyve, jfr. alkohollova § 5-2.

Fartøy som er restaurantar eller som tilbyr rundturar eller blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v., må ha kommunalt løyve, jfr. alkohollova § 1-7.

Det blir ikkje gitt kommunalt løyve til skjenking av brennevin om bord i fartøy som er restaurantar eller som blir leigd ut for dagsturar/helgeturar m.v.– verken som fast løyve, til ambulerande løyve til slutta lag eller til arrangement ved einskilde høve.

### 5.13 Særlege vilkår vedk. skjenkeløyve ved hotell i Fitjar kommune.

Hotell som har skjenkeløyve (alle rettar) må innfri *vilkåra vedk. interiør* som går fram av dette kap., pkt.5.2 – Særlege krav vedk. skjenking av brennevin (faste løyve).

I tillegg til skjenking av spisegjester, har hotella høve til å skjenka øl, vin og brennevin frå bar.

Skjenketidene ved hotella vil gå fram av dette kap., pkt. 5.8 a - e, men med følgjande **unntak**:

**Hotel med skjenkeløyve for øl, vin og brennevin kan skjenka til *slutta lag* / *slutta selskap innandørs* fram til kl. 02.00 alle dagar.**

Med omgrepet *slutta lag* / *slutta selskap* skal Sosialdepartementet sin definisjon i rundskriv I-6/98 s. 154/155 leggast til grunn:

*”Med sluttet selskap menes at det allerede, og før skjenkingen begynner, er dannet en sluttet krets av personer, som samles for et bestemt formål i et bestemt lokale på skjenkestedet, f. eks. til bryllup, konfirmasjon, jubileum osv.*

*Medlemmene av selskapet må danne en sluttet krets av personer der utenforstående ikke kan komme inn uten at visse former følges. Deltakerne må ha en eller annen tilknytning til den eller dem som inviterer til selskapet og til hverandre. Det er ikke tilstrekkelig at man før skjenkingen begynner skriver seg på en liste eller kjøper billetter.*

*Vanligvis må initiativet komme utenifra, ikke fra skjenkestedet. Det hjelper ikke at antallet gjester er begrenset, eller at arrangementet i innbydelsen eller i advertisementet er betegnet som ”sluttet selskap”. Klubber og lignende med begrenset medlemsskap, regnes ikke i seg selv som sluttet selskap.”*

Like eins skal følgjande forståing av omgrepet *slutta lag/slutta selskap* leggjast til grunn:

- *Private arrangement, t.d. familielag, vennelag, firmafestar, jubileum med avgrensa deltaking for personleg inviterte eller inviterte som tilsette i eit firma eller medlemmer i ein organisasjon – **og der arrangøren på førehand har oversikt over kva for namngitte personar som kjem til å delta.***
  - *Utanforstående, dvs. ikkje inviterte personar, har ikkje tilgjenge til arrangementet.*

Hotel som har skjenkeløyve med alle rettar (øl, vin og brennevin) må gjera skriftleg avtale (på fastsett avtaleskjema) med slutta lag / slutta selskap om utvida skjenking.

Avtalen skal skriftleg godkjennast av skjenkestyrar eller evt. reserveskjenkestyrar før arrangementet tek til.

Avtalen skal arkiverast ved hotellet og skal leggjast fram for dei kommunale kontrollørane ved kontroll.

## **KAP. 6 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADER**

### **6.1 Kontrollar.**

Kommunen sin kontroll med sal og skjenking av alkohol er fastsett i alkohollova § 1-9.

Fitjar kommune har inngått innkjøpssamarbeid med andre kommunar og avtale med vaktelskap om alkoholkontrollar.

Kontrollen på sals- og skjenkestader skal gå føre etter ein nærare fastsett plan som er sett opp av den eininga som har ansvar for fagområdet.

Det blir normalt lagt opp til gjennomsnittleg 4 kontrollar pr. år ved utsalsstadene for øl og for etablissement med skjenkeløyve. I samråd med næraste overordna kan det gjerast hyppigare kontrollar dersom dette er naturleg.

Rapportane vert lagde fram for Utval for Oppvekst og omsorg.

## 6.2 Prosedyre og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga

Følgjande prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgjevinga, anna relevant lovgjeving og kommunale vedtekter for alkoholomsetnaden:

1. Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvisa brot på alkohollova/ kommunale vedtekter ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skriva utfyllande, detaljert rapport til nærmaste overordna.
2. Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om kommentar, og/eller kallar inn til samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjera greie for korleis dei vil syta for at eventuelle brot på alkohollovgjevinga / kommunale vedtekter ikkje skal skje i framtida.
3. Dersom det er påvist klare lovbrøt / regelbrøt, skal administrasjonen *ved første gongs tilfelle* senda skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda, og Fitjar formannskap skal bli orientert om saka.
4. Dersom det er påvist *klare lovbrøt / regelbrøt til tross for tidlegare åtvaring*, skal det fremjast sak om inndraging av sals- eller skjenkeløyvet for formannskapet.
5. Dersom lovbrøtet /regelbrøtet etter administrasjonen si vurdering er av særskilt alvorleg karakter, skal det fremjast sak til formannskapet om inndraging av sals-løyvet / skjenkeløyvet **umiddelbart**.
6. Ved lovbrøt / regelbrøt av alvorleg karakter, har administrasjonen fullmakt til å dra sals eller skjenkeløyvet attende med øyeblikkeleg verknad fram til formannskapet har fått saka til handsaming.

**Ved saker vedk. inndraging av løyve, er det viktig at sakshandsamingsreglane blir følgd, jfr. alkohollova § 1-8, med tilhøyrande merknader og forvaltningslova sitt regelverk for sakshandsaming.**

## KAP. 7 GEOGRAFISK Plassering av skjenkestader i kommunen

Serveringsstader som skal ha skjenkeløyve, skal til vanleg vera plassert sentralt i Fitjar sentrum.

Alle serveringsstader med skjenkeløyve skal til vanleg vera plassert i typiske nærings- og handelsområde. Det kan gjerast unntak for turist- og næringsetablisement når slike er plassert spesielt med tanke på friluftsføremål og reiselivsføremål i bygg og område som naturleg er innretta for slike føremål, t.d. fjellstover, fritidsanlegg ved sjøen, vegkroer o.l.

Slike etablisement kan berre få alminneleg skjenkeløyve for øl og vin.

Det skal ikkje gis løyve til skjenking ved serveringsstader som er plassert i bustadområde utanfor sentrumsnære område i Fitjar

## **KAP. 8 KLAGEHANDSAMING, OVERPRØVING OG ENDRING I VEDTEKTENE**

### **8.1 Klagehandsaming**

Kommunen sine enkeltvedtak etter alkohollova § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 kan påklagast til Fylkesmannen, jfr. § 1-16.

For den interne klageordninga gjeld følgjande:

- a. Enkeltvedtak gjort av formannskapet kan påklagast til kommunestyret. Dersom kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak, skal klagen sendast vidare til Fylkesmannen dersom saka fell inn under første avsnitt i dette kapitlet.
- b. Enkeltvedtak gjort av administrasjonen kan påklagast til formannskapet.

### **8.2 Overprøving**

Eit mindretal på minst 2 medlemmer i formannskapet kan krevja at eit vedtak som i utgangspunktet er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (kommunestyret) både m.o.t. den skjønsmessige avgjerda og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og desse vedtektene. Krav må setjast fram i same møte.

Organet kan med vanleg fleirtal, dersom særlege grunnar og tidsomsyn krev det, vedta at krav om overprøving etter dette punktet ikkje skal ha utsetjande verknad.

### **8.3 Endring i vedtektene**

Formannskapet blir delegert retten til å gjera eventuelle endringar i vedtektene for regulering av alkoholomsetnaden i kommunen i løpet av løyveperioden.

## **KAP. 9 KRAV TIL SØKNADER**

### **Rettleiing for søkjarar:**

Den som vil søkja om salsløyve for sal av øl eller skjenking av alkohol, skal leggja fram følgjande dokumentasjon – også ved søknad om fornying av løyve:

- a. Fullstendig og rett utfylt søknad på godkjent søknadsskjema.
- b. Opplysningar om namn, adresse og personnummer til den som er ansvarleg for verksemda. Dersom verksemda skal drivast av juridisk person, skal det gis opplysningar om organisasjonsnummer og eigarsamansetning.
- c. Type verksemd. Opplysningar om kvar og korleis verksemda skal drivast. Det må gjerast greie for utforming av interiøret, målgruppe og type stad.
- d. Planteikningar over skjenkearealet. Dette skal vera skravert eller fargelagt. Nødutgangar skal vera avmerka.
- e. Meny. Alle som skal driva restaurant må leggja ved kopi av menyen eller den planlagde menyen.
- f. Namn, adresse og personnummer på styrar og den som er i styraren sin stad og deira tilknytning til verksemda.
- g. Opplysningar om skjenkestyrar / reserveskjenkestyrar har bestått



kunnskapsprøva om alkohollova.

- h. Dokumentasjon av leigetilhøve/eigartilhøve for lokala der verksemda skal drivast.
- i. Firmaattest (ikkje eldre enn 2 månader)
- j. Vandelsattest frå politietat
- k. Skatte- og avgiftsattest (skatt, arbeidsgjevaravgift, mva) for selskap, løyvehavar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda (alkohollova § 1- 7b)
  - Skatte-, avgifts- og rekneskapsattestar må vera av ny dato
  - Alle krav som bygnings- og brannstyresmaktene og Næringsmiddeltilsynet har stilt, skal vera oppfylt før oppstart finn stad.
- l. Internkontroll  
I forskrifta *kapittel 8* er sals- og skjenkestadar skal være pålagt å etablera internkontrollsystem som sikrar at krava i alkohollova og løyvet vert etterlevd. Systemet skal sikra at avvik vert retta opp og ikkje gjentek seg. Løyvehavar er pliktig å dokumentera at system er etablert og vert etterlevd.

## VEDLEGG:

Oversikt over

- Skjenketider – løyveperioden 2008– 2012

SKJENKETIDER LØYVEPERIODEN 2008– 2012 sjå kap. 5, pkt. 5.8., 5.9. og 5.10.		
<b>ØL OG VIN – Innandørs:</b>	<b>ØL OG VIN - Utandørs:</b>	<b>BRENNEVIN –</b>
Kl. 12.00 – kl. 01.00. Laurdag/søndag til kl. 02.00.	Kl. 12.00 – kl. 23.00.	Kl. 13.00 – kl. 24.00. KL. 13.00 – kl. 01.00 natt til laurdag og søndag.
Ikkje høve til utvida skjenketid	Ikkje høve til utvida skjenketid	